



Arkivsaknr: 2025/3044-3  
Sakshandsamar: Eirik Bouwer Utne  
Avdeling: Kultur

## SAKSFRAMLEGG

Klagesak - avslag om driftstilskot andre kulturorganisasjonar - Myrtveit bygdelag

| Utvalssak | Utval | Møtedato |
|-----------|-------|----------|
|-----------|-------|----------|

|                                    |  |  |
|------------------------------------|--|--|
| Utval for næring, kultur og idrett |  |  |
|------------------------------------|--|--|

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett avviser klage frå Myrtveit bygdelag.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett

Saka gjeld

Saka gjeld klage på avslag på søknad om driftstilskot frå Myrtveit bygdelag.

Myrtveit bygdelag søkte driftstilskot til Myrtveit bygdehus med søknadsfrist 01.12.2024.

Grunngjevinga for avslaget var «for låg aktivitet i laget».

I klage frå Myrtveit bygdelag datert 09.03.2025, går det fram at klager ser at årsmeldinga ikkje viser godt nok kva aktivitet som er i laget gjennom året.

Saksopplysningar

Bakgrunn

I samband med avslaget, tok skrivar i Myrtveit bygdelag kontakt for eit møte. Møte blei gjennomført på Myrtveit bygdehus 06.03.2025. Tre personar frå styret møtte i tillegg til sakahandsamar frå kulturkontoret. Konklusjonen var at Myrtveit bygdehus ønskja å sende klage på avslag om tilskot.

#### Sakshistorikk

Huset er bygd i 1909 og fungerte som skule for bygdene Bjørndal, Sjurdal, Myrtveit, Gripsgård og Håtuft fram til 1964. Huset vart overtatt av bygdene i 1979 og har i alle fungert som ein viktig samlingstad. Bygdefolket har tatt godt vare på huset som i dag er godt vedlikehalde. Som det går fram av årsmelding vedlagt søknad, har det vore lite aktivitet.

Myrtveit bygdehus har motteke driftstilskot tidlegare. I møte 06.02.24 i Utval for næring, kultur og idrett sak 5/2024, vart Myrtveit bygdehus løyvd kr 3.000 i driftstilskot

#### Vurdering

Klage frå Myrtveit bygdelag datert 09.03.25 viser ikkje noko meir enn sjølve søknaden. Av søknad om driftstilskot går det fram at det har vore lite aktivitet i huset.

#### Alternativ

##### Økonomiske konsekvensar

Om avslag på driftstilskot vert opphalden, vil det kunne føre til mindre vedlikehald og aktivitet på huset og i bygda. Huset, som 116 år gammalt, har vore jamleg vedlikehald stort sett på dugnad av bygdefolket.

#### Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at klage frå Myrtveit bygdelag ikkje vert teke til følge, då klagen ikkje viser noko meir enn sjølve søknaden.

#### Vedlegg

- 1 klage frå Myrtveit bygdelag 2025
- 2 Vedtak om driftstilskot til andre kulturorganisasjonar - søknadsfrist 01.12.2024